

# Årsmelding

## Naustdal-Gjengedal landskapsvernombåde

### 2014



Byrkjeneset ved Storevatnet i Gjengedalen

Foto: Alf Erik Røyrvik

Verneområdeforvaltar  
Alf Erik Røyrvik

## **1. Generelt**

Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet vart verna 9. januar 2009, og første verneområdestyret vart konstituert 13. mai 2011. Verneområdet er på 394 km<sup>2</sup>, og ligg i kommunane Gloppen, Naustdal, Jølster og Førde.

### **Styret**

Det vart konstituert nytt styre for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet 13.mars.2012, etter at det var oppnemnt nye representantar frå kommunane etter kommunevalet. Styret er konstituert for perioden 2012 – 2015.

Styret i denne perioden består av:

<b>Verv</b>	<b>Namn</b>	<b>Represeinterer</b>	<b>Vararepresentant</b>
Leiar	Håkon Myrvang	Naustdal kommune	Tone Hjelle Cirotzki
Nestleiar	Ola Tarjei Kroken	Gloppen kommune	Gunvor Sunde
Medlem	Iris Loftheim	Førde kommune	Olve Grotle
Medlem	Oddmund Klakegg	Jølster kommune	Ragnhild Sæle
Medlem	Jorunn Eide Kirketeig	Fylkeskommunen	Olav Klungre

Styret har hatt 4 styremøte i 2014, to av desse var telefonmøter. Til saman vart det handsama 28 saker i styret.

Styret har oppretta arbeidsutval. Det består av Håkon Myrvang, Ola Tarjei Kroken og Oddmund Klakegg. Arbeidsutvalet har fått delegert mynde til å handtere kurante hastesaker som er i tråd med forvaltningsplan og verneforskrift. Gjennom året har arbeidsutvalet hatt 2 telefonmøter og har handsama 6 saker.

Verneområdeforvaltaren har fått mynde til å fatte delegerte vedtak etter visse retningslinjer. I 2014 har det blitt fatta 6 slike delegerte vedtak.

## 2. Saker

Talet på saker går framleis nedover, slik trenden har vore siste åra. Dette er truleg framleis ein effekt av at ein gjev fleirårige løyver til jamlege behov, slik at ein reduserer mengda sakshandsaming. Eit anna moment er og at styret ikkje lenger får tiltaksmidlar, og at ein derfor ikkje får inn fleire søknader på desse.

Tyngda av sakene er framleis motorferdselsaker, men det har og vore mellom anna byggesaker og administrative saker.

### Motorferdsel:

Her er dei løyva til motorferdsel som har blitt gjevne i 2014. Løyva har blitt gjeve av enten styret, arbeidsutvalet eller som delegert vedtak av forvaltar.

Søkjær	Type løyve	Føremål	Omfang/ mengde	Kor
Gimmestad/ Moen sameige	Påhengsmotor	Transport til hytter og støylar	inntil 40 turar per år	Langedalsvatnet
Nesstranda sankelag	Helikopterlanding - delegert	Transport av bru og varer til hytte	inntil 5 landingar	Blådalen og Vesledalen
Søreide og Ryssdal beitelag	Snøskuter - delegert	Transport av saltstein	1 tur	Jardalen - Vardevatnet
Søreide og Ryssdal beitelag	Helikopter - delegert	Transport av forsyningar og utstyr til hytte	1 landing	Vardevatnet
Norges Geologiske Undersøkelser	Helikopter	Måle ustabil fjellsprekk	1 landing	Fjellet over Osmundnes
Jan Kjetil Øygard	Påhengsmotor - delegert	Transport til hytte	inntil 20 turar	Traudalsvatnet
Marius Ness	Helikopter - delegert	Transport til støl	inntil 4 landingar	Nesrimma

I tillegg til desse løyva er det nokre fleirårige løyver som har vore gjevne dei siste åra som framleis er gyldige.

Gimmestad/Moen sameige fekk avslag på søknad om å bruke påhengsmotor til å frakte turistar på Langedalsvatnet.

Naustdal Røde Kros Hjelpekorps fekk løyve til å køyre kjentmannskøyring på desse rutene i 2014:

1. Fimland – Sandfjellet, 2 turar med 2 snøskuterar.
2. Nes – Vonavatnet – Longvasshytta, 3 turar med inntil 3 snøskuterar.
3. Nes – Vonavatnet – Vonaskaret, 3 turar med inntil 3 snøskuterar.

### Byggessaker:

- Marius Ness i Naustdal har fått løyve til å føre opp uthus på stølen Nesrimma
- Arnestad Grunneigarlag har fått løyve til å bygge ny utedo på Arnestadstøylen
- Jan Kjetil Øygard fekk løyve til å sette inn eit nytt vindauge i hytta si i Traudalen
- Audun Rygg fekk avslag på søknad om å bygge fjøs med overnattingsloft på Traudalen. Rygg har klaga på avslaget.

### Inngrepssaker:

- Rygg og Grov sameige fekk løyve til å bygge enkel traktorveg i Traudalen. Dei fekk avslag på sin første søknad i 2013, men fekk løyve etter å ha sendt inn ein ny søknad på veg i vegklasse 8.
- Verneområdestyret vedtok å starte arbeidet med Buføringsveg i Traudalen
- Nesstranda sankelag fekk løyve til å sette opp bru i Vetledalen

### Klagesaker:

- Klima- og miljødepartementet (KLD) fatta endeleg vedtak i «skiløypesaka», der Instedalen Skianlegg fekk løyve til å køyre opp skiløype i Vonaområdet. KLD opprettheldt verneområdestryret sitt vedtak og avslo klagene.
- Audun Rygg har klaga på avslaget han fekk på søknad om å byhhe fjøs med overnattingsloft på Dalsbøen. Klagen vert lagt fram for styret på første møte i 2015.

### Andre saker:

- Verneområdestyret har sendt inn høyringsinnspeil til:
  - Konsesjonssak Gjengedal Kraftverk
  - Konsesjonssak Kupekraft
  - Detaljreguleringsplan for Vonastranda i Naustdal
- Kupekraft søkte om å få løyve til å grave røygåte heilt inn i Kupevatnet i samband med konsesjonssøknaden. Verneområdestyret vurderte det slik at dette var det løyve til i verneforskrifta, men Miljødirektoratet meinte det var eit ugyldig vedtak og styret gjorde om vedtaket sitt. Kupekraft har derfor ikkje noko gyldig løyve til å grave/sprenge grøft inn i landskapsvernområdet.
- Verneområdestyret evaluerte Fagleg Rådgjevande utval, og vedtok at utvalet skal rullerast i løpet av 2015.

### Forvaltningsplan:

Framlegg til forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde fekk fagleg godkjenning frå Miljødirektoratet i vår. Framlegget vart lagt ut på høyring i haust, og det kom inn mange gode innspeil. Styret har handsama høyringsinnspeila og til første møte i 2015 skal ny versjon av planen leggast fram for styret. Endeleg godkjent forvaltningsplan vil vere klar i løpet av 2015.

### 3. Rekneskap

Ein enkel rekneskap for forvaltningsknutepunktet kan ein sjå nedanfor her. I og med at forvaltningsknutepunktet er felles med Ålfotbreen landskapsvernområde, er det satt opp ein felles rekneskapsoversikt.

2014	Felles/totalt		Naustdal-Gjengedal		Ålfotbreen	
	Budsjett	Kostnadar	Budsjett	Kostnadar	Budsjett	Kostnadar
Lønn + Overhead og sosiale utg		kr 525 246		kr 263 431		kr 261 815
Drift forvaltar og knotepunkt		kr 90 462		kr 48 708		kr 41 754
Drift styre	kr 175 000	kr 46 251		kr 27 909		kr 18 342
Planarbeid	kr 70 000	kr 40 638	kr 40 000	kr 23 852	kr 30 000	kr 16 786
Bestillings-dialog	kr 650 000	kr 623 263	kr 520 000	kr 543 263	kr 130 000	kr 80 000
<b>Tot</b>	<b>kr 895 000</b>	<b>kr 1 325 860</b>		<b>kr 907 163</b>		<b>kr 418 697</b>

Nytt av året er at kostnadene med forvaltar og knutepunkt er ein del av Fylkesmannen sitt budsjett.

### 4. Tiltak / bruk av midlar

#### Bruk av midlar:

Midlane som verneområdestyret fekk til rådvelde i 2014, har blitt fordelt på følgjande måte:

Tiltak gjennom Bestillingsdialogen 2014	
Florakartlegging, Svein Hjelmeset	16 590
Sikringstiltak Ryssdalshorn	2 850
Parkeringsplass Ryssdal	63 125
Skjøtsel, slått på Arnestadstøylen	10 000
Klopplegging i Gjengedal	60 000
Buføringsveg i Traudalen	378 850
Administrative kostnadar	6 848
Bru i Angedalen	15 000
<b>Totalt</b>	<b>553 263</b>

Forbruket her er meir enn dei 520.000 som Naustdal-Gjengedal lvo vart tildelt gjennom bestillingsdialogen. Dette fordi verneområdestyret fekk «låne» 50.000 av Ålfotbreen verneområdestyre og bestillingsdialogmidlane dei fekk tildelt. Føresetnad for dette var at pengane må førast tilbake ved eit seinare høve.

#### Tilrettelegging:

- Sikringstiltak på stien mot Ryssdalshorn vart gjort i 2013, men noko av kostnaden kom med på rekneskapen for 2014
- I Ryssdalen vart det opparbeida ein parkeringsplass med plass til om lag 8 bilar. Her har det tidlegare vore problem med at turfolk parkerer bilane sine slik at grunneigarane ikkje kjem til på velteplassen sin og får jobbe med ved.
- I Gjengedalen vart det lagt kloppar langs stien frå Gjengedalsstøylen innover mot Byrkjeneset. Totalt er det no lagt 400 løpemeter med kloppar langs denne stien.
- Det største prosjektet i 2014 var buføringsvegen i Traudalen. Målet med dette prosjektet var å legge til rette for at storfe kjem seg inn til kulturlandskapet på Dalsbøen i Traudalen slik at ein held oppe beiting her. I tillegg vert stien mykje betre å gå for turfolk. Det vart opparbeida 385 m med buføringsveg no i sommar. Det står att omrent 150 m før målet med å sikre tilkomsten er nådd, og dette vonar vi at vi får slutført i 2015.
- Grunneigarane i Botnen i Førde fekk 15.000 til ei ny bru som skal gjere tilkomst innanfor Botnavatnet betre for folk og beitedyr. Brua vert sett opp i 2015.

#### Skjøtsel:

- Arnestad grunneigarlag har gjennomført slått på Arnestadstøylen. Vi vonar at dette vert eit jamleg tiltak.

#### Informasjon:

- Svein Hjelmeset gjennomførte kartlegging av flora i området rundt Morafta og på Tverrfjellet. Han skreiv ein rapport som ligg tilgjengeleg på nettsidene til Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord.

## **5. Fagleg Rådgjevande utval**

Fagleg Rådgjevande utval for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord vart konstituert på møte 16.april 2012. Utvalet er samansett av grunneigarar og ulike brukarinteresser og skal vere rådgjevande ovanfor styret. Utvalet har hatt eitt møter i 2014. Utvalet hadde ein grundig gjennomgang og diskusjon kring framlegg til forvaltningsplan. Og som vanleg hadde utvalet innspel til bestillingsdialog og generelle innspel til forvaltninga.

### Fagleg Rådgjevande utval er samansett slik:

Nils Magne Gjengedal (leiar)	grunneigar Hyen
Ole Gimmetstad	grunneigar Sandane
Olav Svoen	grunneigar Naustdal
Lars Indrebø	grunneigar Førde
Ole B. Årdal	grunneigar Jølster
Kjell O. Hjellbrekke (nestleiar)	Sogn og Fjordane Turlag
Erik Solheim	Naturvernforbundet S&F
Tore Humstad (representant)	Nordfjord Folkehøgskule
Julie Sotnak Aaland	Reisemål Stryn & Nordfjord
Malvin Barlund	Sunnfjord Næringsutvikling
	Førdefjella Villreinutval

## **6. Forvaltar**

Verneområdeforvaltaren vart tilsett 1.oktober 2011 og har verka i stillinga samanhengande sidan det. Forvaltaren har kontorstad på Sandane, der han er samlokalisert med Statens naturoppsyn sin oppsynsmann som er tilknytt Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen landskapsvernområde.

Samarbeidet med SNO lokalt fungerer veldig godt. Vi jobbar mykje i team, både på planlegging, gjennomføring og oppfølging av tiltak, tenestekjøp og u dei konkrete sakene som dukkar opp.

### Kurs, seminar og konferansar som verneområdeforvaltaren har delteke på i 2014:

- 22.-23.januar, Grøn Fjord –konferanse i Gerianger (grønt reiseliv)
- 1.-2.april, Regional samling for forvaltarar og naturoppsyn i Flåm
- 2.juni, føredrag på kurs om stimerking på Skei
- 19.-20.juni, Fellessamling for forvaltarar i Oldedalen

### Møteverksemd

Verneområdeforvaltaren har delteke på og arrangert ei rekke møter i 2014. Mellom anna:


- Avdelingsmøter, personalsamlingar, avdelingstur og andre interne møter hjå Fylkesmannen.
- Møter som tillitsvalt for Naturviterne hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- Møter med fagpersonar i kommunane
- Forvaltaren arrangerte 3 bygdemøter i samband med høyring av forvaltningsplan (Skei, Naustdal og Hyen)
- Møte om rovdrysituasjonen i regi av Gloppen Sau og Geit
- Styremøter/årsmøter hjå grunneigarlag og liknande

Verneområdeforvaltaren har dessutan vore på ei rekke synfaringar, i samband med søknader, tiltak og vasskraftsaker. Alt frå store synfaringar med mange deltakrar, til enkle synfaringar aleine.

## 7. Bilete frå 2014



**Bilete 1.** Villreinflokken beitar i området ved Vardevatnet 12.03.



**Bilete 2.** Langedalen og Gloppefjorden sett frå Svartekari



**Bilete 3.** Synfaring til Stegsvatnet saman med NVE m.fl. i samband med konsesjonssøknaden til Kupekraft.




**Bilete 4.** Parkeringsplassen i Ryssdal som vart opparbeida gjennom bestillingsdialogen.



**Bilete 5.** Kurt Fossheim frå Bygdeservice AS gjorde ein veldig god jobb med minigravaren på buføringsvegen i Traudalen.



**Bilete 6.** Ole Gimmestad og Egil Ravnestad gjer siste finpuss på topplaget på buføringsvegen.



**Bilete 7.** Verneområdeforvaltaren er særslig nøgd med resultatet i Traudalen.



**Bilete 8.** Kloppar i Gjengedalen



**Bilete 9.** Skjøtsel i praksis; naturoppsyn Rune Holen nappar opp gran som spreiar seg i fjellet.



**Bilete 10.** Botnavatnet, Angedalen og Sandfjellet i bakgrunnen.